

## Fiskehelsevurdering – Marine Harvest Norway AS, lokalitet Rundereimstranda, lokaliet nr 13612.

Marine Harvest Norway AS – Region Vest sin interne fiskehelseteneste har sia 2014 hatt hovudansvar for fiskehelsetilsynet på lokaliteten Rundereimstranda (lokalitet nr 13612). Anlegget er godkjent til å produsere laks under ASC standarden.

### Haut 2014G

Den siste generasjonen med laks som er ferdigprodusert på lokaliteten, vart sjøsett hausten 2014. Utsettingsperioden strakk seg frå 05.09.2014 til og med den 03.11.2014. Totalt vart det sett ut 1 312 203 stk smolt med ei snittvekt på ca 112 gram, (74-185 gram). Smolten vart fordelt på totalt 12 stk 120-metringer.

Generasjonen gjekk stort sett veldig bra ift. både tilvekst, dødelegheit og sjukdom. Vesentlege diagnosar påvist på laksen ved lokaliteten var gjellebetennelse/irritasjon i januar 2015, Amøbegjellesjukdom (AGD) i november 2015 og Kardiomyopatisyndrom (CMS) i februar 2016 utan at dei isolert sett førte til vesentlig dødelegheit hos laksen. Det var ein periode i september 2015 kor ein opplevde låge oksygenivå i sjøen. I denne perioden vart det litt auka dødelegheit som ein knytte opp mot dei låge oksygenivå i sjøen. Anleggets utforming har blitt endra i forkant av sjøsetting av haust 2016G for å redusere utfordringane med låge oksygenivå i merdene. Det totale svinnet i gjennom heile produksjonssyklusen vart ca 6,64 % noko som gjev ein overlevelse på 93,36 %. Av svinnet på 6,64 % utgjør dødelegheit i forbindelse med behandling ca 2,45 %. Dersom ein trekker vekk dødelegheit i forbindelse med behandling, ville det totale svinnet gjennom heile produksjonssyklusen berre vore på ca 4,18 %. På denne generasjonen vart det ikkje funne listeført sjukdom (utanom lakselus) hos laksen.

Det har ikkje vore nytta antibiotikum på lokaliteten under denne generasjonen.

Rensefisken (rognkjeks og leppefisk) har halde lusa under kontroll fram til juni 2015, då ein måtte inn å behandle med Slice og H<sub>2</sub>O<sub>2</sub> for å komme ned under 0,5 kjønnsmodne holus. Det var litt utfordringar med lus på lokaliteten gjennom siste del av produksjonen. Mykje av utfordringane skuldast at det vart gjennomført eit forsøk kor ein testa ut ein ny ikkje medikamentell metode (laser), for å bekjempe lus i merdene. Dette gjorde at ein ikkje kunne avluse alle merdene når det var ønskelig fordi dette ville påverke forsøket negativt. Fleire gonger vart difor kun deler av anlegget avlust noko som gjer at ein enda opp med å avluse fleire gonger enn kva ein normalt hadde måtte gjere. Det vart avlust totalt 1 gong med Slice, 7 gonger med H<sub>2</sub>O<sub>2</sub>, 2 gonger med simultanbehandling (Alphamax og Salmosan) samt ein gong med Thermolicer (ikkje medikamentell behandlingsmetode).

Første merd på lokaliteten var slakta ut allereie i slutten av september 2015, medan lokaliteten var tømt for laks i starten på juni 2016.


Lokaliteten viste gode eigenskapar som oppdrettslokalitet vurdert ut frå både fiskehelse og fiskevelferd.

### **Haust 2016G**

På lokaliteten står det per dags dato laks som vart sett ut i perioden 23.09.2016 til og med den 11.10.2016. Totalt vart det sett ut 1 322 721 stk smolt med ei snittvekt på ca 170 gram, (106-215 gram). Smolten vart fordelt på totalt 3 stk 120-metringer og 5 stk 157-metringer. Dødelegheita hos laksen på lokaliteten har vore låg, med ein total utgang på 1 % frå utsett og fram til 01.05.2017 (>7 månader med produksjon). Tilveksten har stort sett vore god og det har vore lite sjukdom på laksen. Det er ikkje registrert listeført sjukdom (utanom lakselus) på laksen så langt i produksjonen. Det er i all hovudsak små uspesifikke hjerteendringar som har bidratt til dødelegeheita på lokaliteten. Det har ikkje vore registrert sjukdom som har gjort medisinerings med antibiotikum nødvendig på lokaliteten. Per 01.05.2017 er det ikkje gjennomført noko avlusning på lokaliteten, utover bruk av renseskjeks (rognkjeks). Rognkjeksen har vore med og halde lusnivåa nede gjennom store deler av produksjonen.

Etter ein totalvurdering, ift. fiskehelse- og fiskevelferdsmessige forhold på lokaliteten har underteikna ingen fiskehelse- eller fiskevelferdsmessige faglige innvendingar i forhold til at oppdrettsselskapet Marine Harvest Norway AS no planlegger å søke til myndigheitene om å få utvida MTB på lokaliteten. Lokaliteten har, etter underteikna si vurdering, mest sannsynlig eit godt framtidig potensiale ift. oppdrett av laksefisk. Underteikna trur at lokalitet Rundereimstranda er i stand til å tåle 4680 T MTB. Sjølv om ein slik MTB er tilgjengeleg for oppdrettar, er det likevel ikkje sikkert at ein vil nytte seg av den til fulle, men MTB av ein slik storleik, vil kunne gjere produksjonen meir fleksibel.

Naustdal, 01.05.2017



Tom Christian Tonheim  
PhD, Fiskehelsebiolog